

## Om praksisperioden hos oss

Vårt mål som praksisskule, er å læra dykk å bli lærarar, samt å gje dykk ein praksis som er variert, vurdert og rettleia her hos oss. I følge rammeplanen for lærarutdanning, skal praksisplanen, i tillegg til den ordinære undervisninga, omfatta andre aktivitetar som er i regi av grunnskulen, som angår elevane og som til vanlig angår lærarane.

Det er vårt ansvar, saman med deg sjølv og læringsinstitusjonen din, å sørga for at praksisperioden din vert vurdert, rettleia og vurdert. Me vil og i samarbeid med deg, fokusera på dei tverrfaglege tema; *Grunnleggjande dugleiker, vurdering og tilpassa opplæring, i alle fag.*

Me har laga dette skjemaet som ei rettleiing til deg, der du kan sjå korleis me skal inkludera dei ulike punkta (med fleire) i din praksisperiode, og kva hovudtema som kjem kva tid i praksisperioden.

## Andre praksisperiode med hovudtema **elevmangfaldet og eleven sitt møte med skule og fag**

Innhald	Kva får du utav dette?	Korleis skal me vurdera og rettleia deg?	Rettleiarar
<b>Eleven si faglege, sosiale, kulturelle og personlege læring og utvikling på 5. - 10. trinn.</b>  <b>Elevmangfold</b>	Studentane skal få kunnskap om elevvariasjonar og tilpassa læringsfellesskap.	<b>Rettleiing</b> med fokus på <b>variasjon</b> i elevane sin faglege, kulturelle bakgrunn.  <b>Rettleiing</b> med fokus på ulik bruk av elevsamtalet( både formelle og uformelle samtalar). <b>Få delta</b> i elevsamtalet. <b>Få erfara</b> spesialpedagogisk arbeid.	Praksislærar Praksisskulelærar Spesialpedagogar
<b>Inkluderande læringsfellesskap.</b> <b>Psykososialt læringsmiljø</b>  <b>Didaktisk møte mellom elev, lærar og innhald</b>  <b>Danning</b>	Studentane skal få kunnskap om elevane si utvikling og bakgrunn som utgangspunkt for læring. Studentane skal få kunnskap om kulturelt mangfold og fleirspråklegheit. Dei skal få ferdigheiter	<b>Rettleiing</b> med fokus på inkludering. <b>Rettleiing</b> om korleis ein bruker elevar sine iop-ar for å <b>tilretteleggja</b> undervisninga.  <b>Erfara</b> bruk av skulen si ressursavdeling.	Praksislærar Spes.ped. koordinator Inspektør for kompetansesenteret.

	som gjer at dei kan planleggja, gjennomføra og vurdera undervisning i eit fleirkulturelt Læringsfellesskap.	<b>Erfara</b> samarbeidet med kommunen sitt kompetansesenter.  <b>Erfara</b> undervisning i det fleirkulturelle klasserommet og få rettleiing ut frå desse erfaringane	
<b>Variert og tilpassa opplæring, ulike arbeidsmåter.</b>  <b>PRUV Danning</b>	Studentane skal få ferdigheter som gjer at dei kan møta mangfald og elevvariasjon gjennom differansiert opplæring.	<b>Rettleiing</b> med fokus på varierte grupperingar på trinna og på tvers av trinna.	Praksislærar Praksisskulelærar Rektor Sped.ped. koordinator
<b>Lærararbeid og læringsleiing i fleirkulturelle klasserom og i møte med elevar med spesielle behov. Samisk.</b>		<b>Erfara</b> og få rettleiing i forhold til tilpassa opplæring og samarbeid med andre yrkesgrupper enn pedagogar.	Praksislærar Praksisskulelærar SNO-ansvarlig Spes.ped.koordinator
<b>Fokus på mål for undervisninga.</b>	Studentane skal få ferdigheter som gjer at dei kan utvikla mål for undervisninga. Dei skal få ferdigheter som gjer at dei kan vurdera måloppnåinga til elevane.	<b>Rettleiing</b> i forhold til ei målfokuserd undervisning. Erfaringar med bruk av periodeplanar, vurdera måloppnåing og vurdera prøver med setja karakter. Rettleiing i forhold til korleis ein kan konkretisera kompetansemåla i Kunnskapsløftet.	Praksislærar Praksisskulelærar
<b>Klasseromskunnskap/ kunnskap om ulike læringsarenaer</b>	Studentane skal få dugleiker som gjer at dei kan leia læringsarbeid med å variera og differensiera arbeidsmåtane etter gruppstorleik og målet med undervisninga.	Rettleiing med fokus på læring i klasserommet og eventuelt andre arenaer enn klasserommet.	Praksislærar
<b>Klasseleiing -PRUV</b>	Studentane skal få ferdigheter som gjer at dei kan vera	<b>Rettleiing</b> med utgangspunkt i handbok for klasseleiing.	Praksislærar Praksisskulelærar

	<p>tydelege klasse- og gruppeleiarar. Dei skal få kompetanse som gjer at dei blir bevisste eigen kommunikasjons- og relasjonskompetanse.</p>	<p><b>Fokus</b> på starten av timen, overgangssituasjonar og avslutninga av timen.</p>	
<b>Studentane si eiga utvikling.</b>	<p>Studentane skal få kompetanse som gjer at dei får innsikt i si eiga utvikling som lærar og at dei kan vurdera eigen lærarkompetanse og læringsbehov.</p>	<p><b>Reflektera</b> over kva ein har styrka gjennom praksis og kva dei bør <b>arbeida</b> meir med i vidare utdanningsløp.</p>	Praksislærar Praksisskulelærar
<b>Grunnleggjande dugleiker</b>	<p>Studentane skal få kompetanse som gjer at dei har innsikt i læring av grunnleggjande ferdigheitar og forståing av fagkunnskap.</p>	Ha fokus på læring av grunnleggjande ferdigheiter gjennom <b>praksis og rettleiing</b> . Bli kjende med bruk av lærarrettleiingar og andre hjelphemiddel der dette blir vektlagt og <b>bli kjende</b> med nasjonale rettleiingar til dei ulike faga.	Praksislærar Praksisskulelærar